

## MODVO OG YTRE MOA, TO GARDSANLEGG FRÅ JARNALDEREN I SOGN

Jarnaldergarden i Noreg er godt kjend etter mange utgravningar og registreringar på Sørvestlandet. hustufter finst også spreitt nordover langs kysten, og vi har kome i vane med å tenkja oss ein fast gardstype, med langhus som var innreidde til fjøs i den eine enden, bustad for folk i den andre. Typen passar godt inn i eit skjema som er felles for eit område frå Nederland til Gotland, og den variasjon som finst i det norske jarnaldermaterialet har vore mindre påakta. Ved gravningar i seinare år i dei område i Skandinavia som før ikkje hadde noko nemnande av jarnalderhus, har det kome fram vesentlege nye trekk. Det gjeld Mellom-Sverige og det gjeld indre fjordstrok på Vestlandet, begge er barskogsområde, i motsetnad til dei skogfattige område eller lauvskogsområde der vi hadde hustufter frå før. Rikeleg tilgang på godt tømmer kunne tilseia ein annan byggeskikk, noko vi også har fått stadfest, men ein del andre trekk kjem også fram, så hovudintrykket av jarnalderhus i Nordeuropa er i dag både meir variert og komplisert enn tidlegare. Eg skal her ta for meg to gardsanlegg i Indre Sogn; *Modvo* i Hafslo, frå 4. og 5. hundreåret, og *Ytre Moa* i Årdal, som er frå vikingtida.

Modvo er eit stort utmark- og beiteområde, ca. 1000 dekar, inntil nyleg felleseige for ein del gardar i Ytre Hafslo, og ligg ca. 350 m o. h., ved overgangen til Indre Hafslo. Namnet er truleg dat. pl. av *moð*, f. eng. i slekt med tilsvarande ord i andre germanske språk i eldre tid og framleis vanleg i engelsk: meadow, mead. I gamalnorsk tid var ordet ikkje lenger brukt som appellativ i norsk.

Den beste delen av Modvo var før brukt som vårstøl og slåtteland, det er i dalsida med skrånning mot søraust, på ein sidemorene som er gjennomskoren av nokre bekkedalar på tvers. Etter jordskifte søkte ein av eigarane om å få utgrave og frigjeve for dyrking to gravhaugar som han hadde oppdaga på sin del, og ei vanleg naudgraving vart sett i gang. Graver i haugane gav fine funn, i haugfylla var også saker som måtte tyda på at der hadde vore busetnad like ved, ei stor åkerlege med åkerrein i nedre kanten tydde også på at staden ein gong hadde vore nytta til anna enn berre slått og beite. Noka hustuft var ikkje å sjå, endå etter systematisk leiting og prøvestikk mange stader. I ein regelmessig avrunda ende på ein bakke fann vi derimot kunstig tilførde massar, overflateforma minte mest om ein utydeleg gravhaug i skrånande terreng, og vi tok til å grava det som gravhaug. Etter kvart kom det fram ein mur, og det synt seg at vi hadde funne enden på eit stort hus.

Huset var 40 m langt og 10 til 14 m breitt, eller dobbelt så breitt som eit vanleg langhus, det låg på tvers i lendet, ikkje opp-ned som eit langhus, det må karakteriserast som eit terrassehus, i slekt med dei som er publiserte frå Helgö i Mälaren, men med ei innreiding som elles er ukjend. Den nedre langsida var ein kunstig oppbygd terrasse med svære steinar og noko mur i framkanten, ein del av den øvre langsida var innskoren i bakken. Langsetter huset gjekk ei kustig nedskoren renne i golvet, ca. 2 m frå øvre langvegg, i brannlag i den var bl.a. brend husdyrgjødsel, vi tolka renna som gjødselrenne, og den øvre halvdelan har truleg vore fjøs i heile lengda av huset. I bakre langvegg, nær den eine enden på huset, var inngangen til fjøset, frå den leidde restar av ein geil ca. 30 m skrått oppover til han tapte seg i brattare og erodert terreng. På nedre sida av gjødselrenna i om lag halve lengda av huset var fleire eldstader og mengder av funn, det var utan tvil bustaddelen, inngangen til den var i nedre langvegg, og frå den førde ein makadamisert veg ca. 15 m skrått nedover. Veggrunnen var utgraven i auren, steinsett og grusa, under sjølve vegdekket var steinsetjinga framleis open og jørdfri. På begge sider av inngangen og veggen var også tjukt kulturlag, eldstader og funn. I fint ver sommarstid har folk visseleg halde til ute med ymse gjeremål, og eit område her, ved enden av huset, var også tillaga som ein kunstig terrasse med svære steinar i halvrundering i kanten, han har truleg ikkje vore overbygd med tak.

Veggene i huset har vore av tre, stykkevis i øvre langvegg og i ein endevegg fann vi ei veggrenne for ein vegg som kan ha vore inntil 15–20 cm tjukk, om det har vore palisadevegg av stående plank eller flettverksvegg kunne ikkje avgjerast. Taket har vore bore av stolpar, der var mengder av stolpehol, til dels i fleire rekker, såleis både langs nedre langvegg og inne i huset, men vanskeleg undergrunn og ei komplisert bygningshistorie gjorde det vanskeleg å få fram noko fast system for kvar byggefase. Taket var torvtak på underlag av never, vi fann store flak av brend mineraljord med brend never under i brannlag etter brannar som har øydelagt huset totalt to gonger.

Dette er i hovudsak det ein kan seia om byggemåte og innreiding av huset på Modvo, men eg har nemnt at der har vore to brannar, og heile bygningshistoria er lang og komplisert, og kunne ikkje klårleggjast i alle detaljar, såleis var det berre mogeleg å identifisera for ein liten del dei stolpehol som høyer til kvar byggefase. Under terrassen kom det også fram kulturlag med funn og stolpehol, og skrått nedanfor terrassen små restar av ein vegg av eit eldre hus, som terrassen såleis vart bygd over. Truleg har det meste av steinen i det eldste huset vorte brukt omatt, og det var svært vanskeleg å avgrensa dette eldste huset. Og ikkje nok med det, i auren i botnen var spor etter pløyning med ard, eldre enn det eldste huset, og ein nedskoren eldstad med raudbrend aur under har vore gjennompløydd og er det eldste påviselege minne om folk på staden. I denne delen av utgravingsområdet var såleis i tidsfylgje: 1. eldstad, 2. åker med ardsplor, 3. golv i hus, 4. terrasse til nytt hus, 5. brann, 6. nytt hus med ombyggingar, 7. brann, 8. funntomt matjordlag i beitemark. Ved oppattbygginga etter den fyrste brannen vart det gjort visse endringar. Inngangen i nedre langvegg vart flutt, og vegen vart bygd fram til den, terrassen vart påbygd og golvet innafor lyft, ved påfylling av rett store og ueinsarta massar av brannlag, jord, grus og stein. Huset vart også utvida oppetter, og gjødselrenna vart både omlagd og forlengd.

I brannlaga, kulturlag, fyllmassar og elles var mengder av funn. Mellom 15 og 20 kvernsteinar, også ein uferdig, syner både at korndyrking må ha spela ei vesentleg rolle og at kvernsteinane vart laga på staden. To typar kvern er representerte, både den gamle skubbekverna med laupar, og roterande kvern. Overgangen til roterande kvern i Sogn har såleis skjedd i busetnadstida på Modvo, rundt 400 e.Kr., eller 200 år seinare enn i Danmark. Dateringsgrunnlaget er fyrst og fremst keramikk, det aller meste av tidlege spannforna krus, både i golvlaget i det eldste huset under terrassen og i alle seinare lag. Dei yngste er frå fyrste halv av 5. hundreåret, og heile busetnadstida på Modvo er maksimalt 100 år, frå ca. 350 til seinast 450, eller tre generasjonar. Elles omfatar funna alt slikt som er vanleg i hustufter, og ein del meir sjeldne saker iblant: bryne, eldsteinar, kljåsteinar, handsnellehjul, ymse småsaker av jarn: piler, knivar, rakekniv, lykjel, fibulaer, fragment av sigd eller ljå, spiker, naglar, beslag, bitar av ubestemmelege reiskapar. Der er også jarnslag, smeltediglar, bite av støypeform av kleber, avlstein av kleber, spelebrikker, glasperler, ein klump smelta glas, visseleg av eit glasbeger, ein gullring og ein sylvmynt, slegen i Rom for Mark Aurel og ca. 200 år gamal då han kom i jorda. Det er det nordlegaste denarfunn vi kjenner. Ein kuriositet er ein liten, enkel skulptur av kleberstein, ein bjørn, ca. 6 cm lang.

Velstandsmiljøet frå hustufta syner seg også i gravene og gravminna. Den største haugen var ca. 20 m i tverrmål, med fotkjede knapt 1 m frå husveggen, haugkanten var overdekt av brannlag frå den fyrste brannen. I sentrum av haugen var ei brend kvinnegrav, som ikkje kan daterast nøye med oldsaker, derimot i bygningshistoria for huset: haugen er tidleg i busetnadstida. Den andre haugen låg på ein bakkerygg ca. 50 m ifrå, i den var to store kister for ubrend gravlegging, tre personar var gravlagde her med fint og karakteristisk utstyr, i tidsfylgje såleis: Grav 1 for ein mann med våpen, belte, leirkar og anna, relativt tidleg i andre halvdel av 4. h.å. Grav 2, også for ein mann, parallelt med grav 1, med våpen, deriblant damascert sverd, belte, fibula, rakekniv, leirkar, frå slutten av 4. h.å. Tredje gravlegging var sekundært nedlagd i grav 1, ei kvinne med bl.a. tidleg korsforma spenne, spannforna krus, glasperler, frå tidleg 5. h.å., dei eldre sakene var rudde til side og låg tett samanpakka i fotenden av gravá. Vi har såleis funne gravene til to framstående menn og kvinner, visseleg husbonde og husfrue på garden i dei to fyrste generasjonane. Tredje generasjon vart ikkje funnen, men i tida for den skjedde den siste brannen, huset vart ikkje bygt oppatt, og kvar det vart av folka, kan vi ikkje vita.

På Modvo hadde vore fleire åkrar, for ein stor del øydelagde ved dyrking i ny tid. Ein åker i stroket mellom og nedanfor gravhaugane var intakt. Åkerreina i nedre kanten var 2.2 m djup, av rein matjord, blanda med små kolpartiklar, og det ligg nær å tru at det har vore ein permanent åker, truleg mellom 3 og 5 dekar. Den jordvidd på Modvo som ville vera skikka til åkerland er mellom 50 og 100 dekar.

Ytre Moa ligg i Øvre Årdal i Sogn, i ein trang Vestlandsdal med høge og bratte fjell på sidene, sjølv Ytre Moa er ein høg, isolert grusterrasse, med bratt fjellside opp på nordsida, bratt skråning med til elvane Utlå og Tya i vest og sør. Heile terrasseflata er om lag 100 dekar, det meste av henne or nokså skrinne mo, som før var skogkledd. Det finst ingen tradisjon eller skrivne opplysningar om at det nokon gong skulle ha budd folk, i vår tid ville det heller ikkje vera mogeleg, for det vantar ferskvatn, undergrunnen er svært porøs, så regnvatn går i jorda med ein gong. Den nærmaste staden ein kan finna vatn, er i elvane, ved foten av dei bratte skråningane, og høgdeskilnaden er 75 m.

I vikingtida låg det like vel ein gard på Ytre Moa, på den austre delen av terrasseflata, der jordsmønet er best. Der er seks hustufter i litt open og tilsynelatande tilfeldig plassering, ein del gravhaugar og eit par bautasteinar. Alle hustuftene og ein del av gravhaugane er utgravne.

Husa teikna seg før utgravinga som eit ope rom i midten med breie vollar av stein og jord i begge langsider og den eine enden, den andre enden var open. Der var litt variasjon i storleiken, største ytre mål gjekk opp til 12-14 m. Alle var bygde på same måte, med litt variasjon i somme detaljar, tre av husa var bustadhus, eitt tolka vi som eldhus, to andre gav svært lite funn og har ikkje hatt eldstad, venteleg har det vore forrådshus eller uthus av anna slag. Fjøs, stall eller andre hus for husdyr har hittil ikkje late seg påvisa. Dersom slike hus har vore bygde utan vollar av stein og jord, ville dei vera vanskelege å påvisa oppå bakken, og før noko meir av områda mellom husa er utgravne, må dette spørsmålet venta.

Bustadhusa hadde eitt rektangulært rom, opphavleg med vegger av tre, og med ei stor pakning av stein og jord på tre sider, medan den eine enden var utan steinvoll. Her har inngangsdøra vore, midt i gavlveggen, som elles må ha vore av tre. Steinane inn mot treveggen var dels lagde i litt uryddig mur, dels var der flate steinar på kant, inntil godt og vel 1 m høge, med steinfylling utanfor, frå godt og vel 2 til nær 4 m brei. Det indre rommet i to hus var ca. 8 m langt og 4 m breitt, det tredje var knapt 10 x 5 m. Husa har hatt to stolperekkjer langsetter, med stolpane parvis føre kvarandre, i midtaksen i indre delen av rommet var ein eldstad, om lag 1 m lang og halvt så brei, litt oppbygd over golvet og hellelagd. Ymse detaljar kom elles ulikt godt fram i dei ymse husa. Eitt av dei (hus A) hadde til slutt brunne. Steinane i vollen inn mot rommet var brende og avskala, og ingen ting har vore gjort til å rydja opp etter brannen. Ei tydeleg kolstripe, inntil 10 cm brei, synte kvar treveggen hadde gått, og brend stein hadde rasa inn i rommet. Forutan den oppbygde eldstaden hadde dette huset også ein søyde eller ei steikegrop i golvet, full av kokstein og noko kol, ved den eine langveggen var ein opphøgd pall av jord og stein, ca. 80 cm brei. Han kan ha vore kledd med tre og vore kombinert sitje- og liggeplass, ein flet. Ein overstein til roterande handkvern låg på golvet, elles var der bra med funn, blant anna ein rakekniv og ei bronsenål med polyedrisk hovud og laus ring i enden, og viktig for datering er eit fragment av eit treflika spenne av bronse med forsimpla rankeornamentikk, det låg heilt inne ved veggen under steinar som har rasa inn etter brannen. Huset burde då vera frå 9. h.å., og såleis eldre enn dei andre to bustadhusa, som begge kan daterast til 10. h.å., også med dekorerte metallsaker.

I det eine av desse husa (hus B) var såleis eit støypt, forgylt hengesmykke av bronse i Borrestil i gjennomborte arbeid, det var uferdig, med di der ikkje var bora hol for beresnora, og graden etter filing var synleg i kanten. Det kan såleis ha vorte laga på staden, og ein del småreiskapar av jarn (fil, drill, meisel o.a.) som låg i same del av huset, kunne tyda på mannen har drive med litt finare metallarbeid.

I det tredje bustadhuset var bl.a. eit fragment av eit ovalt bronsespenne (R 652) frå 10. h.å., som gjev ei nærare datering, dette huset var elles serleg rikt på funn, såleis ein spjutodd, ei ardskening av jarn, sigd, eldstål. I alle bustadhusa vart funne bryne, kljåsteinar og handsnellehjul, knivar, piler, naglar og spiker, og andre småsaker av jarn. Ringbeisl, holkøks, saks, grytehadde og skår av klebergryte fyller ut biletet av kvardagslivet i husa, ein del glasperler ved inngangen til hus B er kanskje minne om ei

uheldig hending.

Av dei andre husa kan eldhuset fortjena litt omtale. Golvflata var mindre enn i bustadhusa, ca. 4 x 6 m, og ikkje heilt regelrett firkanta. Midt i golvet var ein stor, nedskoren eldstad eller ein søyde, med mykje kokstein og kol. I dette huset vart også gjort ein del funn, det meste småsaker av jarn.

Dei fleste gravhaugane låg i området frå gruppa av hustuffer og austover, langs det som må ha vore den naturlege veglina frå tunet til det som i eldre tid var dei naturlege sambandsvegane i bygda. Fem haugar synt ingen spor etter grav eller gravutstyr, under ein av dei vart funne eit kvartsbryne frå eldre jarnalder, men det kunne vera kome tilfeldig i jorda frå før. Den største haugen var ein rund haug av stein og jord, han hadde søkk etter gamal graving i midten, som hadde gått heilt ned til auren. Det vart funne restar av eit brannflak med kol og brende bein, like over dette vart funne ein eldstein av kvartsitt, av eldre jarnalders type. Om han høyrer til grava eller om han tilfeldig har kome med i haugfylla, er uvisst, han har i alle fall ikkje vore brend på likbålet.

Eit merkeleg trekk ved denne haugen var at han var bygd i to avdelingar, fyrst opp til eit nivå ca. 40 cm over bakken, med flat og jamn overflate, og på den var spreidde tenner og kjakefragment av hest, og så rikeleg at det kunne vera av meir enn eitt dyr. Deretter var haugen bygd opp med jamn skråning til ein avrunda topp.

Det merkelegaste gravanlegget låg ute ved kanten av terrassen, som her har rasa ut i ny tid, og det er godt truleg at ein heil del av anlegget dermed gjekk tapt. Her var ei vid, låg steinlegging eller ein steinvoll som opphavleg truleg har vore hesteskoforma, med opning inn mot terrasseflata og eit ope rom i midten. I sjølve vollen var ei nedgraving som lett kunne skiljast ut med andre fyllmassar, mannslang og 3/4 m djup, utan funn. I det opne rommet i midten og litt innover kanten på steinvollen var så plassert ei båtforma steinsetjing, av jamne steinar som var lagde pent i rekkje, med ein liten bautastein i kvar ende, og ein litt mindre bautastein i den eine sida. Inne i denne båten var det strøytt utover kol, brende bein, mykje båtsaum, ei holkøks, eldstål, skrinhasper og ein del perler. Over det heile var eit lag stein og jord. Ved inngangen til den hesteskoforma vollen var eit par små samlingar av brende bein, og litt utanfor vollen, tett ved terrassekanten, var restar av ei grav under flat mark, med beisl, holkøks og litt spiker under ei lita steinpakning.

Dei anlegg på Ytre Moa som kan daterast, er frå yngre jarnalder, der ei nærare datering er mogeleg, er det vikingtid. Vi må rekna med at der har vore ein gard i vikingtida. Av bustadhusa er dei to så samtidige som vi i det heile kan datera hus med oldsaker, og det ligg då nær å tru at der budde to familiar i 10 h.å. Garddeling er i det heile eit fenomen som ein må rekna med går tilbake til heiden tid. Bustadhusa, med ei grunnflate på ca. 32 til 45 kvadratmeter, tør vera høvelege einfamiliehus, dei ligg kvar for seg, og noko avhengighetstilhøve mellom dei treng ein ikkje rekna med. I byggeskikken er der både likskap med og skilnad frå eldre jarnalder, samanlikna med Modvo er skilnaden svært stor. I staden for eitt stort hus, som gav rom for fjøs, bustad for folk og kanskje andre funksjonar under same tak, finn ein på Ytre Moa fleire, mindre og spesialiserte hus, ein byggeskikk som peikar framover mot mellomalderen. I konstruksjonen verkar dei derimot alderdomelege. I staden for lafteteknikken, som i vikingtida er dokumentert i gravkammeret i Gokstadskipet, og som i mellomalderen var vanleg i stover, buer og loft, finn ein på Ytre Moa ein gamaldags konstruksjon av jordgravne, takberande stolpar og steinvollar (til støtte for treveggene mot sidetrykket frå taket?), så dersom der er noko av verd i ein teori om at overgangen til mange og spesialiserte hus heng saman med innføringa av lafteteknikken, må han gjelda for ei eldre tid og ein annan stad (truleg lenger aust) enn Indre Sogn.

Det sørvestnorske langhuset og det store terrassehuset på Modvo, som det knapt er råd å avleida husa på Ytre Moa frå, er like vel ikkje einerådande i eldre jarnalder i Noreg, og dei næraste parallellane til husa på Ytre Moa finn vi alt i eldre romartid på Jæren, i dei runde stortuna, Dysjane, Klauhaugane og Leksaren, og serleg i det litt mindre anlegget på Håvodl, der bakveggen har same karakter som sideveggene. På Øygarden på Åmøy, Ryfylke, ser vi at hustypen også var i bruk i folkevandringstid og (om Jan Petersens datering held) i merovingartid, og rundtun med same hustype finst i yngre jarnalder i Nordnoreg (Tjøtta, Steigen, Bø, Bjarkøy etc.) Det er heile vegen spesialiserte bustadhus med veggvollar, ein

open ende, takberande stolpar, som på Ytre Moa. Om der er samanheng og korleis den skal forklårast, er eit anna spørsmål som vi ikkje har tilstrekkeleg materiale til å svara på.

Nedlegginga av garden på Ytre Moa er eit spørsmål som eg har freista setja i samband med at der ikkje er ferskvatn. Den tid der budde folk, må der også ha vore vatn, og når det vart borte, var det ikkje noko val, dei måtte flytta ifrå. Ved kanten av ei stor urd ved foten av fjellet er det botaniske indikasjonar for litt meir vatn i jorda enn elles på terrassen, og dersom det inne mot fjellfoten har vore vatn å finna, kan ei steinskrede frå fjellet ha blokert det så grundig at det ikkje stod i menneskeleg makt å koma til det att.